



Jacek Wladyslaw Bodzek  
Hellandsvegen 218  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8831 - 20/26779

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
08.05.2020

## Registrert avvik i septiktank - gbnr 438/30

**Tiltak:** Utbetring septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 438/30  
**Tiltakshavar:** Agnieszka Elyta Bodzek og Jacek Wladyslaw Bodzek

Alver kommune har den 30.04.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning den 30.04.2020 vart registrert at det manglar dykk utløp, det var lågt nivå og lekkasje i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Hellandsvegen 218, 5936 Manger. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr vert sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

### **Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 05.07.2020.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen/dykk utløpet er reparert må du fylla ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnera det til kommunen.

Skjema sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Jacek Wladyslaw Bodzek

Hellandsvegen 218

5936

MANGER